



Til:

Hordaland Fylkeskommune

Vår ref.:

TVN 185/200

Dykkar ref.:

Stord,

19.05.15

AD NOTAT HØYRING OM ORGANISERING AV MERKANTILE TENESTER I SKULEN

Oppgaver og oppgåvefordeling:

- Merkantile stillingar bør få mest mulig administrative oppgaver overført frå pedagogisk leing, slik at desse får fristilt tid til å følgje opp sine medarbeidarar, og dermed bli meir synlege og støttande for undervisningspersonalet. (ref AUD-rapport 7-2010)
- Klar rolle- og ansvarsfordeling oppnår ein med dialog og avklaring fortløpande, og ved å sette opp oversikt over kven som har ansvar for kva.
- Samhandling oppnår ein best med å ha felles mål og forståing om korleis dette blir løyst på best mulig måte, og ved evaluering av korleis ting fungerer.(skape tilbakemeldingskultur)

Organisasjonskart og struktur

- Skissert struktur synast tenleg, men kan det også vurderast å utvida stabsfunksjonen til å tenke IKT og bibliotekteneste?
- Struktur bør vera rettleiande, då det kan vera lokale forskjellar
- Rutine for godkjenning bør skje lokalt.
- Tidplanen må vera gradvis innføring, ettersom det her kan vera snakk om å auka kompetanse og evt prosessar i samband med endringar blant tilsette.

Merkantile stillingar og skulestorleik

- Behovet kjem an på storleik, men kan også vera korleis drifta er organisert. For Stord vidaregåande skule har vi utfordring grunna lokalisering av undervisning på 3 ulike bygg med avstand i mellom. Dette medfører større behov for merkantile ressursar, då vi må betjene 3 ulike mottak, og det er større utfordring å få til samhandling/kommunikasjon både mellom merkantile tilsette og mellom merkantile og pedagogisk leing.
- Foreslåtte kompetansekrav ser ut til å vera tenleg, men bør ikkje vera absolutt krav. Realkompetanse bør kunne vurderast opp mot formell kompetanse.

Kompetanseutvikling

- Det er viktig at det blir gitt opplæring i samband med nye oppgaver, men dette kan vera intern opplæring/erfaringsoverføring. Dersom krav til utdanning vert meir enn rettleiande, kan det vera behov for utdanning på høgskulenivå. Kompetanse må vurderast samla sett på avdelinga.



Oppsummering:

På bakgrunn av tilbakemelding frå undervisningspersonell om behov for auka fokus på pedagogisk utviklingsarbeid, er foreslåtte struktur og arbeidsoppgåver i tråd med dette. Pedagogisk leing bør få frigitt tid til dette, ved å overføre ein del driftsoppgåver til merkantilt personal. Det må her nøye vurderast kva som trengs av kompetanse for å utføre dei ulike oppgåvene. Dersom pedagogisk kompetanse ikkje er nøydsynt, ser vi positivt på å få overført arbeidsoppgåver til merkantil. Dette vil på alle måtar føre til positiv utvikling for skulane, så lenge pedagogisk leing gjev slepp på driftsoppgåvene, og brukar tida til leing i staden. Det er likevel viktig med ein balanseong, slik at pedagogisk leing likevel føler eigarforhold til personalansvar og økonomi.

Det skal innførast nye adm.system i tida som kjem, og dette vil medføre ekstra ressursbruk av merkantilt personale i oppstartsfasen. Det er naturleg at merkantilt personale blir ein ressurs for andre på både arkiv og elev-/personalsystem. Tilpassing av antal stillingar må dermed vurderast etter kvart som ein ser overføring av arbeidsoppgåver og mengd, og kva behov ein har for evt utvida kompetanse.

Med helsing
STORD VIDAREGÅANDE SKULE

Arthid O. Høyland
1000 V. Njård